

# Kvifor bjørnen er stubbrumpa

Bjørnen møtte ein gong reven, som kom luskande med eit knippe fisk han hadde stole.

- Kvar har du fått det frå? spurde bjørnen.
- Eg har vore ute og fiska, herr bjørn! svarte reven.

Så fekk bjørnen også lyst til å lære å fiske og bad reven seie korleis han skulle gå fram da.

Det er simpel kunst for deg, svarte reven, og det er snart lært. Du skal berre gå ut på isen, hogge deg eit hol og stikke rumpa ned. Så må du halde rumpa der bra lenge. Du må ikkje bry deg om det svir litt i henne. Det er når fisken bit. Di lenger du kan halde rumpa der, di meir fisk får du. Ogrett som det er, skal du tverr-rykkje opp!

Ja, bjørnen gjorde som reven hadde sagt, og heldt rumpa lenge, lenge ned, til ho hadde frose vel fast. Så tverr-rykte han rumpa – tvers av, og no går han der stubbrumpa den dag i dag.